



Notat

Dato: 27.05.2015
Arkivsak: 2015/5427-1
Saksbehandlar: bjomidt

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om elbilar og bompengainntekter

Bakgrunn

Inge Reidar Kallevåg (H) spurde i møte i fylkesutvalet 23.4.2015 om det er kartlagt eventuelle sviktande inntekter for bompengeselskapa i Hordaland på grunn av auken i talet på elbilar. Fylkesdirektøren for samferdsel svara at han vil leggja fram oversikt i eit seinare møte.

Estimert bompengetap grunna elbil

Bompengar vert innkrevd i bomstasjonar gjennom Autopass, og på nokre ferjer som ein del av ferjebillettene. Elbilar har fritak for å betala bompengar både i bomstasjonane og på ferjene. Samferdselsavdelinga har innhenta estimat frå driftselskapa Trøndelag Bomvegselskap AS og BT Signaal AS på tapte bompengainntekter i bomstasjonane. I tillegg har ein rekna på tapte bompengainntekter på dei aktuelle ferjestrekningane.

År 2014	Tal elbilar	Tapte inntekter i kr., etter 20% uttrekk (sjå "Om berekninga" nedanfor)
Drifta av BT Signaal AS:		
Bomringen i Bergen	952 919	20 011 297
Osterøybrua	29 226	1 232 151
Askøypakken (berre nov. og des.)	34 770	657 162
Kvammapakken	6 736	173 783
Vossapakko	15 837	408 583
Åkrafjordtunnelen	1 010	26 048
Folgefonntunnelen	2 978	128 669
Jondalstunnelen	2 060	123 583
Halsnøysambandet	29 180	1 984 240
Drifta av Trøndelag Bomvegselskap AS:		
Hardangerbrua	9 957	1 049 682
Bømlopakken	61 609	1 960 713
Drifta av Norled	1 146 282	177 657
Årsnes- Gjermundshamn - Varaldsøy	1 823	32 085
Langevåg - Buavåg (til Bømlopakken)	470	8 648
Drifta av FosenNamsos Sjø AS		
Hufthamar - Krokeide	19989	1 055 419
Husavik - Sandvikvåg	2789	147 259
Drifta av Fjord1 AS		
Halhjem - Sandvikvåg	13063	177 657
SUM:	2 330 698	29 354 635

Sum «tapte» bompengeinntekter i Hordaland grunna elbil var i 2014 omlag **29 mill.kr.** - basert på berekningsføresetnadane nedanfor. Dei «tapte» inntektene er størst i Bomringen i Bergen med omlag 20 mill.kr. i 2014. Deretter følger Bømlopakken og Halsnøysambandet med kvar omlag 2 mill.kr. Det samla «bompengetapet» på ferjene er på 1,4 mill.kr.

Om berekninga

Det er nok ein del elbilreisande som reiser meir enn dei elles hadde gjort - så lenge det er gratis å passera bomstasjonane. Men det er uvisst kor mange færre elbilar som hadde passert bomstasjonane om det ikkje hadde vore betalingsfritak. BT Signaal AS har anslått dette til 20 %, men selskapet påpeikar at det kan godt vera meir eller mindre.

BT Signaal AS skriv at i rapporten for tapte inntekter for dei ulike fritakspasseringane, vil alle passeringar med elbil også inkludera passeringar der elbil kjem innanfor timesregelen. Fritak for elbil har prioritet føre fritak for timesregel. For Bergen er det 18% av trafikken som får fritak for timesregelen. Denne prosenten er brukt til å rekna ut kor mange av elbilpasseringene som har fritak for timesregel. Desse passeringane er trekte ut, då dei eigentleg skulle koma inn under ein annan fritaksregel. For Askøypakken er det brukt 25% og for dei andre prosjekta med timesregel er det brukt 9%.

Dei fleste som har elbil ville nok mest sannsynleg hatt rabattavtalar med bompengeselskapa om det ikkje hadde vore fritak for elbil, slik som dei fleste fosilbileigarane har. BT Signaal AS har derfor på grunnlag av dette estimert en snittpris som er lagt til grunn i berekninga.

Trøndelag Bomvegselskap AS har estimert inntektstapet ut frå tal passeringar for elbilar og gjennomsnittlege prisar for lette køyretøy med uttrekk av elbilar. Trøndelag Bomveiselskap AS har i oversendinga ikkje lagt inn trafikkreduksjon. Selskapet skriv at ein eventuell nedgang vil variera frå prosjekt til prosjekt, då nokre prosjekt har liten lokal trafikkandel medan andre har høg lokaltrafikk andel – og at prosjekt med liten lokaltrafikk vil nok ikkje få ein merkbar nedgang. Fylkesrådmannen finn det rimeleg at trafikknedgangen vil variera i høve til andelen lokaltrafikk og takstnivå. For samanlikninga si skuld, er det likevel i tabellen ovanfor lagt inn 20% reduksjon også for Hardangerbrua, Bømlopakken og på ferjene.